

Eit historisk vedtak

■■■ Debatt i fleire tiår

■■■ Viktig for samferdselen

BALESTRAND:
Politikarane var
samråysts i val om bru
over Esefjorden.

– Det er gjort greie for to løysingar. Her var det bru-alternativet som kom best ut, både økonomisk, miljømessig og i forhold til landskapet, seier Arnstein Menes (Sp).

Stor trafikk

Med bakgrunn i kommunal planstrategi vart det lagt fram to alternativ til vegløysing i planforslaget. Det første forslaget syntet til bru over Esefjorden, som foreløpig skal gå frå Storasva til Gjerdsviki. Alternativ to var opprusting og rassikring av vegen rundt fjorden.

– Vegen vår blir i mange tilfelle nytta som omkjøringsveg når andre vegparti er stengd, noko som me har hatt døme på seinast i vår. Det er heilt tydeleg at vegen ikkje toler den trafikken me får i denne situasjonane, seier Menes.

Fleirtalet av politikarane er samde med Menes i dette spørsmålet. Øivind Fagermoen (H) meiner det er ein av dei viktigaste årsakene til at noko må bli gjort.

– Me har grunnlag for å konkludera med at dette er ein god plan. Det er eit godt arbeid gjort av administrasjonen og dei andre som har vore involvert, seier Fagermoen.

Rassikringstiltak

Fylkeskommunen slår fast at bru over Esefjorden kan sjåast på som eit rassikringstiltak.

– Balestrand har lagt ned mykje tid, arbeid og ressursar i denne planen. Det er no opp til fylkestinget å følgja dette opp i NTP, seier Frode Kleppe Holgersen (KrF).

I dag ligg Balestrand kom-



FORANDRING I VENTE: – Det kan fort ta åtte år før bruva er på plass. Likevel er det viktigaste at me no har vedtatt å gjera noko med vegen rundt fjorden, seier Arnstein Menes (Sp). (Foto: Privat)

mune som nummer tre på rassikringslista. Kleppe Holgersen fortel at han forventar og føreset at Balestrand beheld same prioritering som i dag.

Best utan bru

Hanna Menes (V) meiner Esefjorden er best utan bru, og fortel at dette er ein sak Venstre er delt i.

– Eg har ei personleg misnøye til brualternativet. Det vil bli store inngrep i forhold til landskapsbiletet me har i dag, seier ho.

Trass i dette ser ho utfordringa med rassikring av vegen.

– Det vil skapa store inngrep i naturen der òg. Det viktigaste med denne saka no er at det

skjer noko. Me treng å ferdast trygt rundt fjorden.

Gratulerer styret


Ordførar i Balestrand, Harald N. Offerdal (Ap), gratulerer kommunestyret med eit historisk vedtak.

– Det er på tide at noko skjer med sikkerheit rundt Esefjorden, då ikkje minst i forhold til beredskap.

Samstundes legg han vekt på at det framleis står att ein kamp i forhold til regional transportplan, der han håper alle partia arbeider opp mot sine parti i fylkestinget.

Gunnhild Sofie Vangsnes

gunnhild@sognavis.no



SAMRØYSTES: Kommunestyret var samde i forslaget om bru over Esefjorden, her ser me Arnstein Menes, Svein Bjarnar Nesse, Atle Johannes Dale og Gunnvor Linde.

– Må evna å tenkja heile kommunen

SOGNDAL: Ordførar Jarle Aarvoll fekk dei folkevalde til å klappa for seg sjølv.

– Eit historisk vedtak, sa Aarvoll då eit samråystes kommunestyre hadde vedteke å velja fellesnemnd i samband med samanslåing av kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand. Og etter oppmoding frå ordføraren klappa kommunestyret for seg sjølv da vedtaket var gjort.

Må evna

– Me har gjort eit godt stykke arbeid. Eg ser at no er ei av dei store oppgåvene å byggja den nye kommunen og me må evna å tenkja heile kommunen. Det

vil vera ei av dei største oppgåvene til fellesnemnda, sa Aarvoll.

– Me er nøydde til å byggja ein kommune som vert attraktiv og greier å skaffa fagfolk, sa Kjetil Kvåle (Ap).

Rosa Flæte

– Eg vil rosa Oddvar Flæte for innsatsen hans og at me greide å koma vidare og finna dei gode løysingane, Kari Vikane (H). Ho var oppteken av at om ein ikkje er samde, må ein ha respekt for dei.

– Me må byggja nytt i lag, sa Vikane.

Kommunestyret godkjenne samråystes framlegg til reglement med oppgåver, fullmakter og mandat for fel-

lesnemnda i samband med samanslåing av kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand frå 1. januar 2020.

Fellesnemnda skal ha slik samansetjing: Balestrand og Leikanger skal kvar ha fem representantar og fem vararepresentantar, medan Sogndal har ni representantar og ni vararepresentantar.

Fellesnemnda

Kommunestyret valde samråystes Sogndal kommunen sine representantar i fellesnemnda:

Ap, Sp, SV og KrF: Jarle Aarvoll (Ap), Senea Sebanovic (Ap), Kjetil Kvåle (Ap), Laura Kvamme (Sp), Vibeke Johnsen (SV), og Ivar Slinde (Sp).

Vara for Ap, Sp, SV og KrF:

- vara: Margrete Haug (KrF),
- vara: Bente Sønsthagen (Sp),
- vara: Eline Orheim (Ap),
- vara: Steinar Øydvinn (SV),
- vara: Magne Bruland Selseng (Sp),
- vara: Gunnstein Lund (Ap)
- vara: Kåre Stokkenes (Ap)

Høgre, Frp og Venstre: Karin Vikane (H), Rita Navarsete (Frp) og Christen Knagenhjelm (V).

Vara for H, Frp og Venstre:

- vara: Arne Glenn Flåten (H),
- vara: Einar Vatlestad (H),
- vara: Gunhild Bøyum (H),
- vara: Idar Kollsete (Frp)
- vara: Eva Ramstad (V).

Plattform

Det vert oppretta eit parts-

samansett utval i samband med samanslåingsprosessen. Medlemmer av Fellesnemnda representerer arbeidsgjever. Arbeidstakarane vel fire medlemmer med personlege varamedlemer. Utvalet skal handse saker som gjeld tilhovet mellom den nye kommunen som arbeidsgjever og dei tilsette.

Kommunestyret bed Fellesnemnda leggja til grunn politisk plattform for samanslåing av kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal i det vidare arbeidet med å forma og byggja den nye kommunen fram mot 1. januar 2020.

Sigrid Svartefoss

sigrid.svartefoss@sognavis.no